

Due Og Drone

*I lufta sveva ei due
Kvit mot himmelen blå
Der var fleire å skue
Høgt på himmelens bue
Kor kom dæ frå?
Kor kom dæ frå?*

*Før var det millionar
Fredsenklar kledde i kvitt
So kom døden med drona
Kom som svartkledde klona
Kom frå djupt i granitt
Kom frå djupt i granitt*

*Kom med krater so vitna
Om der englannj sang
For der fuglannj kvitra
Herskar no algoritma
Der rådde freden ein gong
Der rådde freden ein gong*

*Kom som tunge kanona
Kom med bomber og bytes
Kom med sjølvstyrte drona
Kvitra ingen blå tona
Om det fuglannj væt
Om det fuglannj væt*

*Om det fuglannj vesste
Om ein himmel med gud
Frå eit navn på ei liste
Til ei grav uten kiste
Dit kom døden med bud*

COPYRIGHT © GYLDENDAL